

Bibelkurset held fram i kyrkja i kveld, torsdag 11. oktober.

10.10.2018



Per Hjemdal er kurshaldar for Bibelreisen. Visste du at symbolikken i den åttekanta døypefonten i Uskedalen har sin bakgrunn i forteljinga om Noas Ark der 8 personar overlevde.

Kurset Bibelreisen med soknepresten Per Hjemdal som kursleiar held fram i kyrkja i kveld, torsdag 11. oktober kl. 19. Del to av kurset handlar om Det nye Testamentet og det ope for alle der dei mest kjende bibelhistoriane vert formidla på ein ny og interessann måte. Kurset er utarbeidd av Bibelselskapet og er gratis for kyrkjelydane i Den norske kyrkja.

Gjennom Bibelreisen får alle vita meir om Bibelen. Målet er ei djupare forståing for at Bibelen er Guds ord, og stadig like aktuelt for menneske i dag. Ein føresetnad er å skaffa seg oversikt over dei lange linene i grunnforteljinga i vår tru og kultur. Medodikken er å bruka hugseord og rørsler og på den måten læra noko både for kropp og sjel.

Per Hjemdal er sokneprest i Etne og er sertifisert kurshaldar. Kurshaldaren lovar at alle vil læra noko ein ikkje visste før.

Alle er velkomne i kyrkja i kveld kl. 19.

Tekat/foto/nett: Kristian Bringedal